

# Vondt og vanskeleg, seksuelle overgrep

## 5. -7. trinn

Skjermen viser:	I timen:
	<p>I staden for å bruke Livet&amp;Sånn sitt innhold til desse timane kan de gjerne bruke temaet Din kropp frå jegvet.no <a href="#">Din kropp / 5.-7. trinn / Jeg vet</a> Dette er eit svært godt materiell med nye, gode filmar, og her er nok å ta av til å jobbe godt med temaet.</p> <p>De kan også bruke litt av dette og litt frå materiellet som ligg under her. I staden for å ha ei lang økt om dette temaet bør du dele det opp og ha to eller fleire korte.</p>
	<p>Første økt:</p> <p>Introduser til elevane:</p> <p><i>I denne timen skal vi sjå ein film om noko som dei fleste barn slepp å oppleve. Vi skal lære om seksuelle overgrep. Alle må å vite kva dette er og at det ikkje er lov. Det er fordi dei som opplever slike ting må få sjansen til å sei frå til nokon vaksne, slik at vi kan få det til å stoppe. For ingen barn skal måtte oppleve seksuelle overgrep. I denne timen skal vi sjå to filmar og snakke litt, og etter det skal vi jobbe med ... . Så skal vi sjå nokre filmar til ein annan dag.</i></p> <p><i>Det er viktig å snakke om sånne ting, derfor skal vi ha denne timen. Når vi ser filmane vil nokon kunne kjenne seg igjen eller vite om nokon som har det sånn. Da er det fint å kunne snakke om det og vi vil gjerne høre på alle som har noko å fortelje. Men vi fortel til vaksne etter timen, i friminutt eller ein annan gong og ikkje mens klassa høyrer på.</i></p> <p>Sjå filmen <a href="#">Informasjonsvideo om overgrep mot barn - YouTube</a> Sjå på bilda og snakk saman i klassa, men ikkje spør nokon som ikkje ser ut til å be om ordet.</p>
Sjå bilde og snakk saman	
	Når nokon tvinger, lurer, presser, truer eller lokkar barn til å vere med på sex-handlingar er det seksuelle overgrep. Private områder skal vere private! Også å måtte sjå på sex-handlingar kan vere overgrep.
	Vaksne har aldri lov å gjøre sex-ting med barn. Barn må vere 16 år for å kunne sei ja til sex.
	Slike opplevelingar tek stor plass og gjer det vanskeleg å få til og gjere dei tinga ein vil og skal. Ein kan få vondt i kroppen, og kjenne mange onde følelsar.
	For å få hjelpe må barn oftast seie frå – sjølv om dei ikkje har fått lov å seie frå. Nokon gongar er det vaksne som oppdagar noko og spør, då er det viktig å svare ærleg.

	<p>Sjå filmen <a href="#">Samtykke for barn - YouTube</a></p>
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Er det vanlig å be om samtykke før man tar på andre, eller gir ein klem?</li> <li>• Burde det vere det?</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Er det vanlig å be om samtykke før man tar på andre, eller gir ein klem?</li> <li>• Burde det vere det?</li> </ul>
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Seksuelle overgrep skjer også på nett.</li> <li>• Både gutter og jenter kan bli utsett for dette.</li> </ul>	<p>Det er viktig å minne elevane om at seksuelle overgrep også skjer på nett. Og at dette skjer med både gutter og jenter. Det er svært mange barn som har blitt lurt til å kle av seg framfor kamera, eller sende bilde av seg sjølv utan klede – og så har blitt trua til å gjøre meir alvorlege handlingar mot seg sjølv. Nokon er kjempeflinke til å lure barn til å tru at dei er supersnelle, eller at dei er kjærastar på nett og berre vil vere gode. Dette er veldig skummelt og kan føre til mykje vondt. Snakk med vaksne og meld til politiet.</p>

#### Avrund timen:

*Vi har no sett ein film om seksuelle overgrep som viser kva det er, og at dette aldri er lov. Dessverre er det mange barn som ikkje tørr å fortelje om dette fordi dei er redde for kva som kjem til å skje, med dei sjølve, med den som gjer dette eller med andre. Men det viktigaste er alltid at overgrep blir stoppa. Husk at det går an å snakke med oss vaksne på skulen også om slike ting, og at helsesukepleiar spesielt er veldig vant til å snakke om sånt med barn.*

	<p>Sjå gjerne denne til slutt <a href="#">Alarmtelefonen for barn og unge - 116 111 - Ungdom - YouTube</a></p> <p>Avslutt økta med å sei at de også skal jobbe med dette ein annan dag, men no skal de (vel ein aktivitet der elevane jobbar sjølvstendig slik at du kan gå rundt i rommet og fange opp eventuelle reaksjonar).</p>
--	---

#### Andre økt

Introduser for elevane: *Tidlegare har vi sett filmen om vonde hemmelegheiter, og om samtykke. Så vi veit at seksuelle overgrep er når nokon gjer sex-ting med barn, og vi veit at det aldri er lov, og at det alltid er dei som gjer det sin skyld – ikkje barnet. I dag skal vi sjå tre episodar om overgrep og snakke litt om desse. Her er det eit eldre søskenbarn som er den som gjer noko ulovleg. Når vi ser filmane vil nokon kunne kjenne seg igjen eller vite om nokon som har det sånn. Da er det fint å kunne snakke om det og vi vil gjerne høre på alle som har noko å fortelje. Men vi fortel til vaksne etter timen, i friminutt eller ein annan gong og ikkje mens klassa hører på.*

<ul style="list-style-type: none"> <li>• Kva skjedde i denne filmen?</li> <li>• Var det greitt av Jonas å ta bilde av Emma ?</li> <li>• Var det greitt at dei såg 15-års film med sex?</li> <li>• Kvifor ville han ikkje at ho skulle fortelje mora om filmen?</li> <li>• Kvifor trur du ho sendte eit bilde utan t-skjorte på?</li> </ul>	<p>Sjå episodane og snakk saman i klassa, eller la elevane snakke med kvarandre:</p> <p><a href="#">NRK Super - Tema - Overgrep</a></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Kva skjedde i denne filmen?</li> <li>• Var det greitt av Jonas å ta bilde av Emma ?</li> <li>• Var det greitt at dei såg 15-års film med sex?</li> <li>• Kvifor ville han ikkje at ho skulle fortelje mora om filmen?</li> <li>• Kvifor trur du ho sendte eit bilde utan t-skjorte på?</li> </ul>
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Kvifor sletta Emma meldinga før ho sendte den til Iben?</li> <li>• Kvifor trur du Jonas seier dei er «litt hemmelege kjærastar»?</li> <li>• Burde mamma forstått at ho ikkje skulle be Jonas passe Emma og broren?</li> <li>• Kvifor fortel ikkje Emma til mamma kva som har skjedd?</li> </ul>	<p><a href="#">NRK Super - Tema - Overgrep</a></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Kvifor sletta Emma meldinga før ho sendte den til Iben?</li> <li>• Kvifor trur du Jonas seier dei er «litt hemmelege kjærastar»?</li> <li>• Burde mamma forstått at ho ikkje skulle be Jonas passe Emma og broren?</li> <li>• Kvifor fortel ikkje Emma til mamma kva som har skjedd?</li> </ul>

<ul style="list-style-type: none"> <li>Korleis reagerte Emma når ho fann ut at Iben ikkje kunne overnatt?</li> <li>Denne gongen var Emma forberedt når Jonas prøvde å ta på ho, og då klarte ho å sette grenser. Kva gjorde ho?</li> <li>Viss ho ikkje hadde klart å sei nei, men berre satt der utan å forsvare seg, kven sin skyld hadde det vore om Jonas hadde gjort noko med ho da?</li> <li>Iben og mamma til Iben var veldig flinke til å hjelpe Emma, kva gjorde dei riktig?</li> </ul>	<p><b>NRK Super - Tema - Ovgrep</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>Korleis reagerte Emma når ho fann ut at Iben ikkje kunne overnatt?</li> <li>Denne gongen var Emma forberedt når Jonas prøvde å ta på ho, og då klarte ho å sette grenser. Kva gjorde ho?</li> <li>Viss ho ikkje hadde klart å sei nei, men berre satt der utan å forsvare seg, kven sin skyld hadde det vore om Jonas hadde gjort noko med ho da?</li> <li>Iben og mamma til Iben var veldig flinke til å hjelpe Emma, kva gjorde dei riktig?</li> </ul>
 <ul style="list-style-type: none"> <li>Seksuelle overgrep skjer også på nett.</li> <li>Både gutter og jenter kan bli utsatt for dette.</li> </ul>	<p>Minn om at seksuelle overgrep også kan skje på nett, og at både jenter og gutter kan oppleve seksuelle overgrep.</p>
	<p><b>Avrnd timen:</b></p> <p><i>Vi har no sett serien om overgrep, og vi har tidlegare sett filmane om seksuelle overgrep og samtykke som viser kva det er, og at dette aldri er lov. Dessverre er det mange barn som ikkje tørr å fortelje om dette fordi dei er redde for kva som kjem til å skje, med dei sjølve, med den som gjer dette eller med andre. Men det viktigaste er alltid at overgrep blir stoppa.</i></p> <p><i>Du kan ALLTID snakke med oss på skulen om slike ting. Av og til er det litt mykje som skjer, og kanskje får vi ikkje med oss at du prøver å fortelje oss noko viktig. Det betyr ikkje at vi ikkje vil høre eller ikkje bryr oss, men at du må prøve igjen eller prøve å sei det til ein annan av oss vaksne. Helsejukepleiar har ofte meir tid til samtalar med elevar åleine, og er vant til å snakke med elevar om slike tema.</i></p>

Sjå gjerne denne til slutt: [Alarmtelefonen for barn og unge - 116 111 - Barn - YouTube](#) eller vis sida [Barn 7–12 år | Alarmtelefonen for barn og unge \(116111.no\)](#) Etter dette går de vidare med annan aktivitet, gjerne ein der elevane jobbar sjølvstendig slik at du kan gå rundt i klasserommet og fange opp eventuelle signal eller gi omsorg.